

Besøk til Rjukan 9. februar 2017

Deltakarar frå Rogaland:

Asbjørn Birkeland, Sauda kommune
Torbjørn Guggedal, Suldal kommune
Tormod Karlsen, Haugaland Vekst AS
Birger Haraldseid, Greater Stavanger
Gunnar Stakkestad, Haugaland Næringspark
Iver Jan Leren, Rogaland Fylkeskommune
Terje Fatland, Sauda omstilling/Rogaland fylkeskommune
Espen Thompson, Ryfylke IKS

Deltakarar frå Rjukan:

Tor Helge Flåto, Rjukan Næringsutvikling
Håvard Lurås, Rjukan Næringsutvikling
Ole Sten Volland, Green Mountain Rjukan
Andres Sæter, Tinn Energi
Rune Løddøen, Rjukan kommune
Torkild Follaug, IKT Telemark

1. **Espen Thompson frå Ryfylke IKS orienterte:** Om prosjektet i Rogaland med særleg fokus på etablering av internasjonal fiber mellom Rogaland og Storbritannia. Tilbakemeldinga frå Rjukan var at dette er rett tenkt og viktig for både Rogaland og resten av Noreg. Dei deler oppfatninga om at Noreg har eit fiberproblem – både internt og til utlandet.
2. **Ole Sten Volland, Site Manager i Green Mountain (GM) DC2-Telemark orienterte:** Smedvig er ein god og langsiktig eigar i Green Mountain. Selskapet har totalt 19 tilsette på Rennesøy og Rjukan. Selskapet kjøper dei fleste tenestene og er heilt avhengige av dyktige samarbeidspartnarar og leverandørar.

Tier-sertifiseringar og ISO-sertifiseringar er viktig for GM. Kundar har ulike krav, men desse godkjenningane er viktige for offentleg sektor og finans. Eit løp for sertifisering er ein god måte å utvikle konkurransekraft og kompetanse.

Eit suksesskriterium for GM på Rjukan var rask realisering av bygg og anlegg. Det var totalt ein byggeperiode 5 månadar utløyst av kundekrav. Kompetanse innan prosjektleiing er kritisk. Her hadde GM god støtte i Smedvig som eigar (dei er og eigeomsutviklarar med kompetanse innan bygg- og anlegg.)

Eit anna suksesskriterium er at tomt og arealer er ferdig regulert med all naudsynt dokumentasjon på engelsk. Ting må være klart og tilgjengeleg. Rjukan kommune brukte eit år på å regulere ferdig alt av næringsareal knytt til ny kraftkrevjande industri med datasenter som førande for planarbeidet.

Noreg har eit fiberproblem. Me har ei stor oppgåve i å betre nettverk, produkt m.m. Fiber-situasjonen er eit hinder for vekst og utvikling. Rogalandsprosjektet dykkar er rett strategi.

Dei viktigaste utfordringane når det gjeld fiber i Noreg er:

- Bygga og definera fiber-motorvegane
- Sikra enkel tilgang på konkurransedyktig mørk fiber, dvs. kapasitet, pris, redundans, latency

GM ville fokusert meir på fiberspørsmålet om dei skulle gjort noko annleis. Særleg samanhengjande Norsk fiber og fiber ut av landet.

Det er stor usikkerheit knytt til politikken knytt til skatter og avgifter og handtering av regelverk knytt til skatt på verker og bruk. Kor går grensa for verker og bruk i datasenterbransjen?

Konsesjonshandsaming og sakshandsamingstider i NVE er ei utfordring.

Kvifor valte GM Rjukan?

- Hadde erfaring i arbeid med datasenterprosjekt. Hadde jobbet med tema og etableringer over tid og med stor innsats og dedikerte ressursar
- Tinn kommune ein god vertskommune
- Tinn Energi var klare med strøm og fiber
- Rjukan Næringsutvikling AS var gode på prosjektgjennomføring for tilrettelegging av eigedom, bygg og myndigheitsoppfølging
- Det var eit profesjonelt næringsliv med riktig kompetanse og relevante erfaringar knytt til industriell utvikling, evne til å møte høge krav og være gode på HMS, reinhald og kompetanseutvikling
- Samfunnet Tinn ville at vi skal lykkes
- Kommune og leverandørar var innstilt på å møte krav: ISO 14001, 9001, 27 001

3. **Andres Sæter, dagleg leiar Tinn Energi orienterte:** Tinn Energi er eit heil-eig kommunalt AS som tidleg gjorde ei satsing på internett og TV etter påtrykk frå eigar. Tilbod innan internett, TV, breiband og fiber er utvikla gjennom gode samarbeidsløysingar over fleire år. Ei satsing på fiber-teknologi og produkt blei gjort med kommunen var viktigste partner og støttespiller

Det blei etablert ein tydeleg strategi for Tinn Energi om å byggja ut «hvite områder» utan fiberdekning.

Det oppstod eit behov for samarbeid med eksterne fiberleverandørar for å – behov for handtera langtransportløysingane innan fiber-kommunikasjon. Løysinga blei ATB breiband (Agder, Telemark, Buskerud) som er eit selskap som sel kommunikasjon for langtransportløysingar og omfattar ei rekkje fiber-aktørar i dei tre fylka (sjå vedlagt kart)

Tinn Energi var del av ei ny-industri satsing frå 2008/2009 der fokus var på det same føretrinn og høve som gjelder for Rjukan i dag – straum, areal, industriell tradisjon og konnektivitet (fiber).

Fibernet for industriell verksemd har blitt bra mellom Rjukan og austlandet, men er svakt mellom Rjukan og Vestlandet. Både Tinn Energi, GM og Rjukan kommune ser eit behov for å få på plass ca. 30 km med fiber over Haukli slik at ein kan utvida ATB-løysinga med nye samarbeidspartnarar i Rogaland og Hordaland. Viktige traseer aust-vest er E-134 og høgspenlinjene til Statnett.

Tiltak for å redusere sårbare digitale nettverk blir sett på som positivt av myndighetene. Planar for og bruk av t.d. Høykom-midlar bør koordinerast mellom fylka for å skape eit meir robust og konkurransedyktig industrielt fibernettverk.

4. **Rune Lødøen, rådmann i Tinn kommune orienterte:** Arbeidet med datasenter blei starta i 2008 og har vore drevet sidan då med ulike aktørar involvert. For kommunen har dette vore eit interessant men krevjande arbeid. Det har vore fleire initiativ for etablering, men Tinn Energi har vore ein viktig aktør sidan oppstarten i 2008.

I 2009 blei det norsk-amerikanske selskapet Rjukan Techn Center etablert. Green Mountain kom i 2013

Tinn kommune tok tidleg posisjon som vertskapskommune, ikkje næringsaktør. Kommunen var positiv til etableringer og skulle ikkje leggje opp til monopol på etableringer. Dei skulle jobbe for å profilere Tinn som næringskommune, profilere satsingsområder og leggje til rette rammevilkår som infrastruktur o.l. Kommunen skulle sikre at kommunen sine ressursar blei brukt til å støtte etablering av datasenter gjennom effektiv og rask myndighetsutøving. Kommunen prioriterte reguleringsarbeidet – fikk gjort et stort arbeid med å legge til rette store arealer på kort tid.

Rjukan Næringsutvikling AS har skal jobb meir direkte med bedriftene og næringsutviklingsprosjekta. Dette er eit 100% kommunalt eid AS med 3 tilsette. Tinn kommune er generalforsamling. Kommunestyret vedtar overordna næringsplanar selskapet og formannskapet følger opp næringssselskapet i praksis.

Kommunen blei forsøkt trukket inn som en næringsaktør i prosessen med datasenteretablering. Det dukka opp nokre utfordringar knytt til monopolisering som måtte handterast. Spørsmål knytt til konkurransevridding, areal, eigarskap var del av ein konflikt som vaks fram med ein privat utviklingsaktør.

Råd og innspel frå kommunen

- Definer rollen til aktørene – særlig kommunen
- Ikkje inngå intensjonsavtaler som kan bli brukt mot deg ved ein konflikt
- Sett av naudsynte ressursar til den rolla du tek – løys oppgåver knytt til regulering, sakshandsaming og juridiske oppgåver proft og effektivt
- Fylkeskommune har vore ein viktig samarbeidspartnar, det samme gjeld Innovasjon Norge i Telemark
- Rådmannen er veldig nøgd med prosessen og resultat rundt reguleringsarbeidet. Det blei brukt om lag eitt år på en grundig reguleringsprosess som la godt til rette for næringsutvikling
- Kommunane må ha regulerte områder fiks ferdig for å være konkurransedyktig – ellers så reiser de vidare.
- Kommunen sine tilsette og politikarar hadde kompetanse om kva dette handla om. Dei forstod datasenterindustrien på ulike nivå. Det var ein veldig styrke – potensielle investorer kunne snakka med fleire fag og funksjonar å få hjelp.
- Apple valgte Danmark m.a. fordi: Dei fekk ein perm som presenterte alle sider ved lokasjonen og tilhøva. Alle spørsmål blei svart på neste dag. Alt var tilrettelagt på engelsk.

5. **Torkild Follaug, dagleg leiar i IKT-Telemark orienterte:** Rjukan har markert seg og godt igjen i bransjen og den nasjonale datasentersatsinga. Dei har fått merksed og klar å byggje noko regionalt og nasjonalt med utgangspunkt i lokasjonar og ressursar lokalt. Dei har bidrege til å definere utviklingstiltak som t.d. prosjektet IKT-Telemark nå driv for å utvikla ei eigen utdanning for datasenteroperatørar på fagskule- og høgskulenivå.

6. Avslutning

- Rjukan har historie og erfaringer knytte til industriell utvikling som nå er aktivert på ny
- Allmenn-økonomisk verksemd kan skapa handlingsrom for finansiering av fiber og straumtiltak i regionar. Det er nå på gang 130 km ny fiber og høgspenst som regionalutviklingstiltak i regionen. Føremålet er å skapa nye vilkår for utvikling.
- Prosjektkostnader er 17 millioner. Av dette er 9 millionar offentleg støtte.
- Næringa tar eit stort FDV-ansvar gjennom dei lokale energi- og fiberselskapa.
- Datasenterbransjen er ein fram-tung bransje, det vil seie at infrastruktur må på plass før det kjem investeringar og etableringar
- Det lokale e-verket har vore eit viktig verktøy for å løyse strategiske oppgåver og nå mål. Viktig å mobilisera dei lokale og regionale kraft- og fiberselskapa i langsiktig utviklingsarbeid

Ref.

Espen Thompson, Ryfylke IKS
13.2.17